Referat frå SMU/SU-møte nr 1, skoleåret 2026-27

Klasserommet til 7b, ved skulekjøkkenet på Samnanger Barneskule tysdag 10.november klokka 18:30

Inviterte:

2 elevrådsrepresentanter		Nora Elen L. Haugen
		Levi H. Svendsen
	Elevrådskontakt:	Elisabeth Skjoldal
2 representanter for undervisningspersonalet:		Esther Nordvik
		Benedicte Næss
1 representant for andre tilsette:		Henny S. Nordvik

Rektor Eli Kristin Berge, Samnanger kommune
Håvard Tveiterås kommunestyret, Samnanger kommune
Anders Fossmark, Magne Høysæter Fjelddalen, Thea Marie Steinsland

Håvard Tvedterås og Magne Høysæter Fjelddalen møtte ikkje.

Agenda:

2026/27-01 **Godkjenning av innkalling**
Saksliste og innkalling vart godkjendt.

2026/27-02 **Val av leiar, nestleiar,** rektor er alltid referent.
Leiar: rektor Eli Kristin Berge
Nestleiar: Anders Fossmark

2026/27-03 **Orientering om oppgåver til SU/SMU v/rektor**
(samarbeidsutvalet, skulemiljøutvalet)

SU består av representanter fra foreldrene, elevene, undervisningspersonale, andre tilsatte og representanter fra kommunen, hvor rektor er den ene. Foreldrerepresentantene bør være fra FAU. Den ene representanten kan være FAU-lederen.

FUG.no. På FUG.no sine nettsider kan ein lese meir om dette.

Konklusjon: SU/SMU tok sak til orientering.

2026/27-04 **Budsjett Samnanger Barneskule 2027**
Sak: Orientering og drøfting av budsjett 2027
Samarbeidsutvalet har lovfesta rett til å uttala seg i saker som gjeld skulen. Budsjettforslaget blir difor lagt fram for utvalet før kommunestyret gjer endeleg vedtak.
Budsjettet blir drøfta i møtet. Det ligg ikkje føre eigne sakspapir ved utsending av innkallinga.

Orientering om budsjettet

Budsjettet for 2027 er på same nivå som i 2026, med indeksjustering.
Per 1. oktober 2026 har barneskulen 199 elevar. Det er budsjettert med 185 elevar for neste skuleår. Haust 2027 er det venta at 20 elevar byrjar på skulen, medan 34 elevar går ut av barneskulen.
Per 1. oktober 2026 har SFO 63 elevar. Det er budsjettert med over 60 elevar neste år og. SFO er open frå kl. 07.00 til 08.30 og etter skuletid til kl. 16.30. I tillegg er SFO open i haustferien, vinterferien og fire veker om sommaren. Dette er eit godt tilbod til elevar og føresette i kommunen.

Kvalitet og bemanning
Skulen planlegg for ei teneste med høg kvalitet og har fleire program for pedagogisk utviklingsarbeid. Satsingane omfattar lesing i alle fag, godt digitalt utstyr, eit godt arbeids- og skulemiljø og eit godt utemiljø.
Det har vore utfordrande å rekruttera godt kvalifiserte lærarar, men våren 2026 fekk me 16 godt kvalifiserte søkjarar. Me hadde bruk for 5 vikarar og 1 fast, det vil seie at det er kvalifiserte lærarar i alle lærarstillingar på skulen dette skuleåret. Assistentane ved skulen er òg alle utdanna fagarbeidarar. Skulen har framleis elevar frå Ukraina, og det er lagt inn litt ressursar til språkstøtte i budsjettet.

Bygg og utstyr
Vedlikehald av skulebygget ligg til eining teknisk. Skulen ønskjer at dette blir prioritert, og at arbeidet med universell utforming held fram. Det omfattar mellom anna dørpumper på alle dører og god tilgang til alle rom for alle.

Alle elevane har ei digital eining. Elevane på 1.–3. trinn får Chromebook, og alle elevar som byrjar på 4. trinn, får ny PC. Alle har òg tilgang til eige headset. Utstyret må fornyast, og det er positivt at ordninga er teken med vidare i budsjettet for 2027.
Skulen har fornya bøker i fleire fag, mellom anna engelsk og norsk, og vil halda fram med å kjøpa inn oppdaterte og nye fysiske bøker.

Skulestruktur og utemiljø
Eit spørsmål framover er om kommunen vil halda på skulestrukturen slik den er i dag, eller om det vil koma endringar. Det ligg inne ei bestilling til ein skulebruksplan for Samnanger kommune. Den skal koma innan utgang 2026 og skal vera eit kunnskapsgrunnlag for politikarar som skal ta avgjerder i kommunen. Elevtalet går ned, og skulestruktur er på agendaen på politiske arenaer.

Barneskulen har i fleire år arbeidd med å betra uteområdet. Med brei involvering frå elevar og tilsette held skulen fram arbeidet med ei skisse for eit utemiljø som legg til rette for

leik og aktivitet. Når planen er på plass, kan skulen arbeida vidare for å sikre midler til gjennomføring i framtidige budsjett.

Grendahagen, ved Hagabotnane.
FAU har fått 120 000 kr til prosjektet Grendahagen. Målet er å skapa eit uteområde som begge skulane og barnehagane i Samnanger kan nytta til leik og læring. Føresette vil bidra med dugnad, medan teknisk eining skal ta seg av fundamentet. Skulen ventar no på vidare arbeid frå teknisk eining, arbeidsteikning frå føresette og innkjøp av materiale.

Framlegg til vedtak
Samarbeidsutvalet tek orienteringa om budsjett 2027 til vitande og drøftar om utvalet vil gi ei uttale til budsjettforslaget.

Konklusjon/vedtak: SU/SMU tok budsjettorientering til vitande.

2026/27 – 05 **Trygt og godt skulemiljø - orienteringssak.**
Rektor orienterer om skulemiljøet ved skulen, generelt sett. 3.-7.trinn kartlegg skulemiljøet jevnleg, med programmet Spekter. Skulen støtter seg og til vedteken Handlingsplan for trygt og godt skulemiljø, godteke av Statsforvaltar 25.09.2024. Me bruker planen i vårt arbeid med eit godt og trygt skulemiljø, for alle våre elevar.

Den årlege elevundersøkinga blir gjennomført i perioden 20.10 -13.11.2025. Resultat frå den kjem på eit seinare møte. Resultat frå trinn 7 er offentlege tal og kjem 10.12.2026. Etter jul skal 5.-7.trinn delta på UNGDATA kartlegging. Resultat frå den vil kommunen bruka vidare i sine planar for gode oppvekstvilkår for unge i Samnanger kommune.

Representantar frå elevrådet orienterer om korleis dei oppleve skulemiljøet sitt.

Danningsmandat og individuelle behov
I arbeidet med skulemiljøet er det viktig å balansera skulen sitt danningsmandat og behova til den einskilde eleven:

Danningsmandat	Individuelle behov
Å finna seg sjølv i ei interesse eller eit fag	Å få skuledagen tilpassa eigne ønskje og behov
Å møta noko som er vanskeleg og ukjent	Å gjera noko ein er interessert i og motivert for
Å tola motstand og motgang	Å senka forventningane
Å tola at noko er kjedeleg	Å finna alternative løysingar for den einskilde
Å ha høge forventningar	Å oppleva at nokon bryr seg om kva ein vil
Å tola at eigne behov ikkje alltid er dei viktigaste	

Juleforestilling for føresette blir på dagtid. Kjem tilbake til dag og tid. Heimane skal få invitasjon. Repr. Frå FAU blir bedt om å vera parkeringsvakter i høve arrangementet.

Konklusjon/vedtak: Elevrådet fortalde frå sitt perspektiv, sine vurderingar om skulemiljøet på skulen. Det er generelt god trivsel blant elevane, men elevane ynskjer seg td fleire ballar, ein ballbinge med betre underlag, og høgare netting bak måla. Fleire disser hadde og vore ynskjeleg, då det ofte er kø av elevar ved dei.

Juleforstilling 2026: Ikkje avklart på noverande tidspunkt for om det blir og i kva form det blir. Føresette skal få melding på Visma når det føreligg endeleg avgjerd i saka.

SU/SMU tok elles momenta i sak Trygt og godt skulemiljø til orientering.

2026/27 – 06

First Lego League:
Sak: Fridag etter deltaking i First Lego League
Elevane på 6. trinn har denne hausten delteke i prosjektet First Lego League. Dette er fjerde året Samnanger barneskule deltek.
Finalen blir arrangert laurdag 7. november på VilVite-senteret i Bergen. Alle elevane på 6. trinn får høve til å delta og har ei rolle i prosjektet.
Elevane som deltek på finalen, får ein ekstra fridag som kompensasjon. Elevar som ikkje deltek denne laurdagen, har vanleg undervisning på fridagen.
Tilsette legg fram forslag til aktuell fridag for vurdering i møtet.

Framlegg til vedtak
Samarbeidsutvalet drøftar forslag til fridag for elevane som deltek på finalen. Dagen elevane ynskje ha fri på er anten fredag 30.april eller fredag 4.juni 2027

Vedtak: Elevar som deltok fekk snakka litt om sine opplevingar knytt til deltaking på FLL prosjektet og finale dag

i Bergen. Elevane var veldig fornøygde og opplevde at dette vart kjekt.
SU/SMU vedtar at elevane får fri fredag 30.april, for deltaking på ein laurdag.

2026/27 -07 **Skuleruta for skuleåret 2027-2028**
Utkast til skulerute for skuleåret 2027-2028 er no ute på høyring. SU/SMU kan uttale seg og senda inn innspel. Sjå vedlegg.

Konklusjon/vedtak: SU/SMU vart eininge omå senda inn innspel til høyring på skuleruta for skuleåret 2027-2028. Innspela er fylgjande: Utviklingsdag fredag 28.01.2028 – endre **den til måndag 31.januar 2028** og at Utviklingsdag fredag 26.mai.2028 blir endra til **fredag 23.juni 2028**.

2026/27- 08 Eventuelt – ingen saker

Høyringsinnspel frå SU/SMU til skuleruta 2027-2028 er sendt via kontaktskjema på Samnanger kommune si side: Tekst som er sendt inn:

Innspel frå SU/SMU ved Samnanger barneskule, til høyring om skuleruta 2027–2028

SU/SMU barneskulen ønskjer å spela inn følgjande endringar i skuleruta:

- Utviklingsdagen fredag 28. januar blir flytta til måndag 31. januar. Dette vil bidra til variasjon i kva vekedagar utviklingsdagane blir lagde til.
- Utviklingsdagen fredag 26. mai blir flytta til fredag 23. juni. Me ønskjer likevel at elevane skal ha fri fredag 26. mai, sidan dagen ligg mellom Kristi himmelfartsdag og helga.

Med dette forslaget vil torsdag 22. juni framleis vera siste skuledag for elevane, og elevane får framleis totalt 190 skuledagar.

Med helsing nestleiar SU/SMU Anders Fossmark